

# STYREPROTOKOLL

Onsdag 20. mars 2024 heldt styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS styremøte. Møtet blei leia av styreleiar Siv Bente Stople Østbø.

<b>MØTESTAD:</b>	Tysvær rådhus, kantina
<b>MØTESTART/-SLUTT:</b>	kl. 16.00 – kl. 17.30
<b>STYREMEDLEMMER SOM MØTTE:</b>	Siv Bente Stople Østbø, Astri Furumo og Ernst Morgan Endresen
<b>VARAMEDLEM SOM MØTTE:</b>	Ingen
<b>FORFALL:</b>	Ingen
<b>FRÅ SELSKAPET MØTTE:</b>	Dagleg leiar Odd Gunnar Høie
<b>INNKALLING:</b>	Godkjent
<b>SAKSLISTE:</b>	Godkjent

## FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

### **SAK 06/24 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 20.02.24**

#### **Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:**

Protokoll frå styremøte i HKS IKS den 20.02.24 blir godkjent.

#### **Styrehandsaming 20.03.24:**

Styret hadde ingen merknader til protokollen.

#### **Samrøystes vedtak 20.03.24:**

*Protokoll frå styremøte i HKS IKS den 20.02.24 blir godkjent.*

### **SAK 07/24 REGNSKAPSRAPPORT PR. 29.02.24**

#### **Styrehandsaming 20.03.24:**

Styreleiar kommenterte rekneskapsrapporten. Det er tidleg på året og rapporten syner at økonomien er i tråd med budsjettet. Styret drøfta rapporten og slutta seg til dagleg leiar sitt framlegg til vedtak.

#### **Samrøystes vedtak 20.03.24 i tråd med innstillinga:**

*Styret tar regnskapsrapport pr. 29.02.24 for HKS IKS til orientering.*

## SAK 08/24 GODKJENNING AV ÅRSMELDING 2023

### Styrehandsaming 20.03.24:

Styret hadde ingen merknader. Saka vert sendt til representantskapet for endeleg vedtak.

### Samrøystes vedtak 20.03.24 i tråd med innstillinga og innstilling til representantskapet:

*Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner årsmelding 2023 slik den er lagt fram. Årsmeldinga vert sendt eigarkommunane til orientering.*

## SAK 09/24 GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAPEN FOR 2023

### Styrehandsaming 20.03.24:

Styreleiar orienterte og viste til styret si handsaming i førre møte. Styret sin merknad var tatt inn i vedtaket. Saka vert sendt til representantskapet for endeleg vedtak.

### Samrøystes vedtak 20.03.24 i tråd med innstillinga og innstilling til representantskapet:

*Årsrekneskapen for 2023 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent slik det ligg føre med eit negativt årsresultat på 46 162 kr. Det negative resultat skyldast i all hovudsak dei ekstraordinært høge pensjonskostnadene.*

*Styret vil gjere framlegg om at årets underskot vert dekkja inn av selskapet sin eigenkapital.*

## SAK 10/24 BUDSJETT 2025

### Styrehandsaming 20.03.24:

Styret drøfta forslaget og slutta seg til innstillinga. Saka vert sendt til representantskapet for endeleg vedtak.

### Samrøystes vedtak 20.03.24 i tråd med innstillinga og innstilling til representantskapet:

*Representantskapet i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner budsjett for 2025 med følgjande rammer:*

<b>Inntekter 2025</b>		<b>Utgifter 2025</b>	
<i>Tilskot</i>	<i>3 050 000</i>	<i>Lønn- og sosiale utgifter</i>	<i>2 315 000</i>
<i>Andre inntekter</i>	<i>0</i>	<i>Investering (saksbeh. system)</i>	<i>300 000</i>
		<i>Driftsutgifter</i>	<i>435 000</i>
<b><i>Totalt inntekter</i></b>	<b><i>3 050 000</i></b>	<b><i>Totalt utgifter</i></b>	<b><i>3 050 000</i></b>

Eigartilskot frå eigarkommunane vert i 2025 følgjande:

<i>Karmøy kommune</i>	553 000
<i>Haugesund kommune</i>	553 000
<i>Tysvær kommune</i>	291 000
<i>Vindafjord kommune</i>	291 000
<i>Sveio kommune</i>	259 000
<i>Sauda kommune</i>	259 000
<i>Etne kommune</i>	259 000
<i>Suldal kommune</i>	259 000
<i>Bokn kommune</i>	170 000
<i>Utsira kommune</i>	156 000

Styret får fullmakt til å gjennomføra budsjettendringar, samt å disponera meirinntekter eller mindreutgifter, under føresetnad av at budsjettet går ut i balanse og kontingenten frå deltakarkommunane ikkje blir auka.

## SAK 11/24 ØKONOMIPLAN 2025 - 2028

### Styrehandsaming 20.03.24:

Styret drøfta forslaget og slutta seg til innstillinga. Saka vert sendt til representantskapet for endeleg vedtak.

### Samrøystes vedtak 20.03.24 i tråd med innstillinga og innstilling til representantskapet:

Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner økonomiplan for perioden 2025 - 2028:

	2025	2026	2027	2028
<b>Inntekter:</b>				
<i>Tilskot</i>	3 050 000	2 800 000	2 900 000	3 020 000
<i>Andre inntekter</i>	0	0		
<b>Totalt</b>	<b>3 050 000</b>	<b>2 800 000</b>	<b>2 900 000</b>	<b>3 020 000</b>
<b>Utgifter:</b>				
<i>Lønn og sos. utg.</i>	2 315 000	2 350 000	2 420 000	2 500 000
<i>Investering</i>	300 000			
<i>Driftsutgifter</i>	435 000	450 000	480 000	520 000
<b>Totalt</b>	<b>3 050 000</b>	<b>2 800 000</b>	<b>2 900 000</b>	<b>3 020 000</b>
<i>Resultat</i>	0	0	0	0

## **SAK 12/24 VAL AV REVISOR FOR HKS IKS**

### **Styrehandsaming 20.03.24:**

Dagleg leiar orienterte om dei to pristilboda som var mottekne. Styret kommenterte saka og slutta seg til innstillinga. Saka vert sendt til representantskapet for endeleg vedtak.

### **Samrøystes vedtak 20.03.24 i tråd med innstillinga og innstilling til representantskapet:**

*Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vel KPMG AS som revisor frå 2024.*

## **SAK 13/24 VURDERING AV SELSKAPETS ARKIVHÅNTERING**

### **Styrehandsaming 20.03.24:**

Styreleiar orienterte og viste til tidlegare handsaming av «IKA-saka». Styret drøfta saka og dagleg leiar svarta på spørsmål.

Styret var samd om å ikkje gjera endringar i eigarskapet i IKA IKS og styret støtta forslaget om å ta i bruk saks- og arkivsystem i løpet av 2025.

### **Samrøystes vedtak 20.03.24 i tråd med innstillinga:**

*Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS viderefører sitt eierskap i Interkommunal Arkiv Rogaland IKS (IKA).*

*Selskapet går til anskaffelse av saks- og arkivsystem i løpet av 2025, dette vil erstatte dagens papirbaserte arkivsystem.*

## **SAK 14/24 STATUSOVERSIKT PR. MARS 2024**

### **Styrehandsaming 20.03.24:**

Dagleg leiar orienterte og gjorde greie for arbeidssituasjonen generelt. Han forklarte om samlingar og konferansar. Sakslista til representantskapsmøtet 22.04.24 er klar og blir sendt ut før påske. Det blir ein liten markering av selskapet sitt 20-års jubileum på representantskapsmøtet.

Dagleg leiar orienterte om arbeidet i valnemnda. Alle noverande styremedlem og varamedlem hadde takka nei til attval. Valnemnda har hatt eit møte, og det var utarbeidd eit forslag til nytt styre og varamedlemmer.

Styret kom elles med kommentarar og dagleg leiar svarta på spørsmål.

### **Samrøystes vedtak 20.03.24 i tråd med innstillinga:**

*Statusoversikt pr. mars 2024 blir tatt til orientering.*

## **SAK 15/24 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 20.03.24**

7. FKT-fagkonferanse på Gardermoen 4. – 5. juni
8. Invitasjon til 20-års jubileum – frå Rogaland Revisjon IKS
9. Invitasjon til årskonferanse 2024 – frå Samfunnsbedriftene

### **Styrehandsaming 20.03.24:**

Dagleg leiar orienterte. Styret kom med kommentarar og fekk svar på spørsmål.

### **Samrøystes vedtak 20.03.24 i tråd med innstillinga:**

*Referatsakene 7 - 9 blir tatt til orientering.*

### **YMSE**

Ingen saker var meldt eller blei tatt opp.

### Takk til avtroppande styre

Dagleg leiar takka styremedlemmene for innsatsen sidan dette var siste møtet i perioden og ingen av medlemmene ønskte attval, og overrekte ei blomsterhelsing.

Neste styremøte: torsdag 19.09.24, kl. 16.00.

Aksdal, 20.03.24

Siv Bente Stople Østbø  
Styreleiar

Odd Gunnar Høie  
Dagleg leiar